



Notat

Dato: 20.10.2015
Arkivsak: 2014/555-41
Saksbehandlar: lisadla

Til:	Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU)
Frå:	Fylkesrådmannen

Trafikksikker kommune - nye kommunar inn i arbeidet

Arbeidet «Trafikksikker kommune» er eit av dei viktigaste tiltaka i denne planperioden, jf Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

"For å styrke føresetnadene for eit godt og heilskapleg trafikksikringsarbeid i kommunane, har Trygg Trafikk utarbeida eit sett kriteria som kommunar må oppfylle for at dei skal kunne kalle seg «trafikksikker kommune». Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein pådrivar for at kommunar i Hordaland vert sertifisert som «trafikksikker kommune».

Det vert sett som eit mål for Handlingsplan for trafikksikring 2014-2017 at minimum 10 kommunar vert sertifisert som «trafikksikker kommune» i løpet av planperioden.»

I planperioden 2014-2017 er det sett av 1 mill kr. til «Trafikksikker kommune». I 2015 var budsjettposten på 300.000 kr. Hausten 2014 sette Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i gang eit pilotprosjekt for implementering av trafikksikker kommune prosjektet i Hordaland. Kommunane Austrheim, Lindås og Vaksdal deltek i dette pilotprosjektet. Ut frå det arbeidet som er gjort siste året vil truleg desse tre kommunane verte godkjente innan sommaren 2016. Når alle dei tre kommunane er godkjente, vil sjølve pilotprosjektet avsluttast, og arbeidet gå over i ein meir ordinær fase. Det er no tid for å invitere inn fleire kommunar til å setje i gang arbeidet med å verte godkjent som trafikksikker kommune, jf inngå intensjonsavtale.

Ei av erfaringane frå pilotprosjektet er at arbeidet med å følgje opp kommunane krev ressursar både frå Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune. Ut frå dette er det difor tilrådeleg å avgrense talet på kommunar som kan vere ein del av Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune si særlege oppfølging med målsetnad om godkjenning innan det kommande året. Avhengig av storleiken og noverande status på trafikksikringsarbeidet hjå kommunane vil det vere mest føremålstenleg å leggje opp til 3-4 nye kommunar no i fyrste ordinære fase.

Vi er kjend med at nokre kommunar har «Trafikksikker kommune» som eit av sine satsingsområde i den kommunale trafikksikringsplanen, og med det ønskjer å starte opp arbeidet med bistand frå Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen rår til at valet av nye kommunar til «Trafikksikker kommune» arbeidet vert gjort gjennom ein enkel søknad til FTU, med søknadsfrist sett til 1. januar 2016. FTU vil då kunne handsame søknadane på sitt fyrste møte i 2016. Arbeidet inn mot desse kommunane vil med det kunne ta til så snart vedtak er fatta.